



V/ direktør Stig Stark-Johansen  
Sandviksboder 20  
N-5035 Bergen

Bergen 26.09. 2014

## Hordaland Fylkeskommune

### Kultur- og idrettsavdelinga

Postboks 7900  
5020 Bergen

## Innspill til kulturplan for Hordaland 2015-2025

Det er svært positivt at museumsloftet vert vidareført, og både omfattar ei styrking av utstillingar samlingsforvaltninga med meir. Det hadde likevel vore ønskeleg at satsinga på nybygg òg omfatta magasin for gjenstander og arkiv. Her er museumssektoren i dag prega av dyre mellombelse løysningar.

### 5.5 Kulturminnevern og museum

#### *Til punkt 16 i handlingsplanen*

Det er viktig å tydeliggjere at museumsloftet er ei vidareføring av satsing i Regional plan for museum 2011 – 2015.

#### **Museumsloft tiltak A. satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum:**

HER ER IKKJE MUSEA MED SOM PARTNARAR! Det er merkeleg at ikkje musea er ein part i denne diskusjonen om vidare konsolidering og drøfting om fagleg ansvar!

#### *Til punkt 18*

#### **Utvalde kulturminnekategoriar – Krigsminne, s. 44 i høringsutkast:**

Her står det at Krigsminna «må forvaltast til beste for Hordalandssamfunnet som ei viktig kjelde til oppleving og kunnskap om den mest dramatiske hendinga i nyare historie.» Vi saknar at dette er oppført i handlingsplanen – om kven som skal ha ansvaret og korleis ein ser for seg dette. Vi foreslår ei registrering av kulturminna samt innsamling av film og foto frå same periode.

Ansvarlege: HFK, kommunane og musea.

#### *Til punkt 19*

#### **Verdsarv, s. 44 i høringsutkast:**

Hordaland fylke og Bergen kommune bør samarbeide om å få på plass eit verdsarvsenter på Bryggen, og slik lette forvaltings- og formidlingsarbeidet som Museum Vest og Bymuseet har ansvar for. Arbeidet med å renominere verdsarvstaden Bryggen som eit utvida område frå Vågsbunnen til Sandviken bør og løftast fram som eit sams satsingsområde for Hordaland Fylkeskommune, Bergen kommune og Museum Vest og Bymuseet. Ei slik utviding vil venteleg og bidra til å løfte fram fleire av kystens kulturminner som nasjonale kulturminner.

## Til handlingsplanen

Positivt med satsing på Nordsjøområdet kulturhistorie og Bergens internasjonale rolle. Museum Vest saknar likevel ein tydeleg plassering av musea innan desse satsingane. Musea er dei som sit på varig kunnskapsforvaltning innan desse felta, og musea treng å bli styrkt som kunnskapsprodusentar og vidareutvikla som forskingspartnarar og forskingsinstitusjonar.

Med vennlig hilsen

Stig Stark-Johansen

Direktør, Museum Vest

( sign. )